



Rune Magnar Sylta
Lønborglien 178
5039 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/2386 - 22/43009

Saksbehandlar:
Einar Aase
einar.aase@alver.kommune.no

Dato:
20.06.2022

Søknad om redusert gebyr vert avslått - gbnr 443/41 Toska

Administrativt vedtak. **Saknr:**
Tiltakshavar: Rune Magnar Sylta
Ansvarleg søkjar: Rune Magnar Sylta
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak

VEDTAK:

Kommunen har nytta feil gebyrsats ved fakturering av sakshandsamingsgebyr for levegg, mangelfull dokumentasjon i sak, samt dispensasjon frå arealføremål LNF. Gebyret vert korrigert. Vedtak er fatta med heimel i gebyrforskrifta punkt 10.

Gebyret vert redusert med kr.667,- slik det følgjer av vurdering og av tabell. Vedtaket er fatta med heimel i gebyrforskrifta punkt 9.

Gebyr skal betalast i samsvar med tidlegare utsend faktura på Kr. 26 640,-, jf. punkt 1 i gebyrforskrifta.

Følgjande gebyr skal betalast:

Søknadsppliktige tiltak		Gebyr		
Kode	Skildring	Tal	Sats	Sum
2.15.2	Dispensasjon	1	17 425,-	Kr 17 425,-
2.5.3	Innhegning mot veg	1	8098,-	Kr 8098,-
2.11.7	Tilleggsgebyr for mangelfull sak	1	1784,-	Kr 1784,-
	Til saman			Kr 27 307,-
	Tidlegare innbetalt gebyr			Kr 26 640,-
	Reduksjon av gebyret			Kr 667,-
	Totalt å betale:			Kr 0,-

Grunngjeving går fram av saksutgreiinga.

SAKSUTGREIING

Tiltakshavar Rune Sylta har i brev datert 30.05.2022 klaga på fakturert sakshandsamingsgebyr for dispensasjon, løyve til tiltak, samt mangelbrev i sak.

Det vart søkt om dispensasjon frå arealføremål LNF og byggegrense mot sjø for etablering av levegg 11.03.2021. Det vart gjeve dispensasjon og løyve til tiltak i administrativt vedtak 555/22.

Tiltakshavar viser til at faktura på kr 26 640 ,- er urimeleg for det aktuelle tiltaket. Tiltakshavar skriv:

Hei,

Jeg har mottatt en Faktura på kr 26.640 for dispensasjon fra LNF regelverket for å sette opp en levegg mot en trafikkert vei for å øke trafikk sikkerheten.

Denne veien ligger inne på egen eiendom, og jeg har gjerdeplikt mot veien.

Jeg kunne derfor i henhold til dom, satt opp et gjerde med max høyde på 150 cm uten dispensasjon, så å betale over 26.000 i gebyr for å øke høyden på gjerdet med 30 cm synes urimelig.

Jeg ber dere derfor om å revurdere deres krav om gebyr i denne saken.

Tiltakshavar supplerte deretter med følgjande informasjon:

Hei,

Jeg vil i tillegg til nedenforstående mail vise til Alver Kommunes «Gebyr og betaklingsatsar 2021»

10.2 Tiltak som krev bruk av ansvarleg føretak (pbl. Para. 20-3)

10.2.5 Basisgebyr – konstruksjonar og anlegg

- Innhegning mot veg

Hvor gebyrsatsen er satt til kr. 7.700

Jeg ber om at dette tas hensyn til Deres behandling av nedenforstående.

Med vennlig hilsen

Rune Sylta

Lønborglien 178

5939 Bergen

VURDERING

Kommunen har fakturert følgjande gebyr i saka:

Søknadspåltige tiltak		Gebyr		
Kode	Skildring	Tal	Sats	Sum
2.15.2	Dispensasjon	1	17000	17000
2.5.3	Innhegning mot veg	1	7900	7900
2.11.7	Tilleggsgebyr for mangelfull sak/tilleggsdokumentasjon	1	1740	1740
Gebyrgrunnlag:				
Pkt 4	Redusert gebyr for oversittet frist, jf. byggesaksforskriften § 7-6. (Trekkes frå gebyrgrunnlaget)	1	-25/50/75/100 %	
Totalt gebyr å betale:				26640

Gebyret er fakturert i samsvar med Alver kommune si lokale forskrift om gebyr for teknisk forvaltning. Forskrifta er vedtatt i kommunestyret til Alver kommune den 16.12.2021 med endring vedtatt 24.02.2022, og er rettsleg bindande for administrasjonen si fastsetting av sakshandsamingsgebyr innanfor tekniske forvaltningstenester.

Det går fram av punkt 10 i gebyrregulativet at:

«Gebyra er fastsett som lokal forskrift. Det er ikkje klagerett på forskrifter, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr eller over storleiken på gebyret.

Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Kommunal klagenemnd er klageinstans.

Gebyr som etter denne forskrifta er fastsett ved enkeltvedtak kan det klagast over i samsvar med forvaltningslova kap. VI. Statsforvaltaren er klageinstans.»

Det går fram av fvl.§2 første ledd bokstav b) at eit enkeltvedtak er eit vedtak som gjeld «rettigheter eller plikter til en eller flere bestemte personen».

I brev frå lovavdelinga i Justisdepartementet den 29.08.1989 kjem det fram at det er avgjerande for korleis gebyrordninga er utforma, om det pålagte gebyr er å sjå som eit enkeltvedtak eller ikkje. Der ei gebyrforskrift er fastset slik at eit eintydig bestemt gebyr skal betalast, kan illegging av gebyr ikkje sjåast på som eit enkeltvedtak. Vidare er det uttalt at det heller ikkje blir gjort ei individuell avgjerd sjølv om det finnast differensierte gebyrsatsar så framt det ikkje er forbunde med rettsleg eller faktisk tvil å avgjere kva gebyr som skal leggjast til grunn i den einskilde sak, men kun snakk om kalkulasjon av faktiske kjennsgjeringar.

Fakturering av det aktuelle gebyret er ikkje eit enkeltvedtak som kan klagast på. Det er heller ikkje klagerett på gebyret sin storleik, jf. punkt 10 i gebyrregulativ.

Det er jamvel mogeleg å klage på kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå jf. punkt 10 i gebyrregulativ. Ved ny gjennomgang av faktura ser kommunen at det er fakturert med gebyrsatsar frå 2021, der gebyrsats frå 2022 skulle ha vore nytta. Dette er ettersom alle dokument som var naudsynte for sakshandsaming ikkje var mottatt i 2021. Fakturering skal skje etter det gebyrregulativet som er gjeldande på den datoen kommunen har motteke alle dokument i saka og med den kvalitet som kommunen krev for å handsame saka, sjå punkt 2 i gebyrregulativ.

Skilnad i gebyrsats frå 2021 til 2022 går fram i utklipp nedanfor, og utgjer samla sett kr 667,-.

Dispensasjons-, bygge- og delingsaker		2021	2022	Endring
2.15.2	Andre dispensasjonar frå lov, plan og forskrift.	kr 17 000	kr 17 425	2,5 %
2.5.3	Innhegning mot veg.	kr 7 900	kr 8 098	2,5 %
2.11.7	Fast tilleggsgebyr for mangelfull sak / tilleggsdokumentasjon	kr 1 740	kr 1 784	2,5 %

Konklusjon er at det er fakturert med feil gebyrsatsar. Riktig betalingsbeløp vert korrigert.

Byggesaka skulle etter dette ha vore fakturert med kr 27 307,-.

Vurdering av redusert gebyr

Det er sendt inn klage på utsendt gebyr med beløp på kr 26 640,-. Det er vist til at det er nytta feil betalingssats, men òg storleiken på gebyret i seg sjølv. Klaga på gebyret sin storleik vert oppfatta som ein søknad om redusert gebyr.

Det går fram av punkt 9 i gebyrregulativet at:

«Når kommunen sitt arbeid med ein sak avviker vesentleg frå gjennomsnittleg sakshandsamingstid for sakstypen kan kommunen av eige initiativ redusere gebyret. Fastsetting av redusert gebyret skal skje ved enkeltvedtak.

Når særlege grunnar ligg føre kan det søkjast om redusert gebyr innan 3 veker etter at faktura er mottatt. Søknad om redusert gebyr skal være grunngjeven. Personlege og/eller sosiale tilhøve vert ikkje rekna som særleg grunn.»

Det har ikkje vore rettsleg eller faktisk tvil til å fastslå kva gebyr som skal betalast i saka, og det er ikkje utøvd skjønnsmessige vurderingar i samband med gebyrfastsetting. Gebyrregulativet er vedtatt med bakgrunn i gjennomsnittlege kostnader knytt til den enkelte sakstype. Det er ikkje ført timeliste for handsaminga av søknad. Gebyret er fastsett på bakgrunn av det gjeldande gebyrregulativet. Det er såleis vurdert at tiltak ligg innanfor dei gjennomsnittlege utgiftene kommunen har ved handsaming av denne typen saker.

Det er klaga på storleiken på utsendt gebyr på kr 26 640,-. Kommunen kan ikkje sjå at grunngjevinga i sak gjev særlege grunnar for redusert gebyr. Det er ingen særskilte tilhøve som skil dette tiltak og denne dispensasjonsvurderinga frå andre dispensasjonsvurderingar. Gebyrsats for dispensasjon, tiltak og mangelfull sak er fastset i gebyrregulativet, og fakturert på bakgrunn av dette.

Kommunen vurderer jamvel at allereie utsendt faktura på kr 26 640,- dekkjer reelle kostnader for sakshandsaming. Det er vurdert at det ikkje vert etterfakturert for resterande sum på kr 667,- på bakgrunn av feilfakturering frå kommunen. Det er her særleg lagt vekt på kostnader ved sakshandsaming er vurdert dekkja av allereie utsendt faktura.

Etter ei konkret og samla vurdering av forhold i denne saka, vil ikkje kommunen krevje inn betaling for resterande sum. Gebyret vert redusert med 667,-.

Konklusjon

Det er nytta feil gebyrsats ved fakturering. Dette medførte at det vart fakturert kr 667,- for lite.

Etter ei konkret og samla vurdering av forhold i denne saka, finne kommunen likevel å ikkje krevja inn for lite betalt gebyr. Gebyret vert redusert med kr 667,-.

Det vert ikkje gjeve redusert gebyr ut over mellomlegget på kr 667,- som vist til ovanfor. Tidlegare utsendt faktura med gebyr på kr 26 640,- vert ståande.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/2386

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Einar Aase
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Rune Magnar Sylta

Lønborglien 178

5039

BERGEN